



Bygdeutvikling

Suldal kommune

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 02.02.2026

Arkivkode: K3-&13
Dykkar ref. 2debf188-ef1e-4528-
b542-a615b068a7f4
Vår ref. 25/1268-2
25/19492
Torill Telstad

FRÅSEGN TIL TILLEGGSUTGREIING FOR VILLREIN VED NYE KRAFTVERK I RØLDAL-SULDALSVASSDRAGET, SAKSNR 202320330

Me viser til brev dagsett 03.11.25 om høyring av tilleggsutgreiing for villrein i samband med konsesjonssøknaden om utviding og oppgradering av kraftverk i Røldal-Suldalvassdraget.

Til orientering har Suldal kommune informert om høyringa både på nettside og infoskjermar i kommunen slik me vart bedne om.

Suldal kommune sett pris på og meiner det var naudsynt at NVE bad om tilleggsutgreiing på tema villrein i denne konsesjonssøknaden. Kommunestyret i Suldal uttalte i møte 06.03.25 mellom anna:

«Suldal kommune rår til at Lyse Kraft får konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Røldal-Suldal (RSK), under føresetnad av at vilkår og merknader blir teke til følgje, slik dei kjem fram i "Høyringssvar frå Suldal kommune – konsesjonssøknad om opprusting og utviding, samt vilkårsrevisjon av Røldal Suldal kraftverk» (vedlegg 1).

Suldal kommune sine vilkår gjeld avbøtande tiltak for at omsøkte konsesjon og vilkårsrevisjon betre sikrar nasjonale, viktig regionale og lokale natur- og miljøomsyn, og særleg sikrar leveområde for villrein.

Suldal kommune er uroa for påverkinga utbygginga kan ha for villreinstammen, og tek atterhald om at tilrådinga kan endra seg som ein konsekvens av eit oppdatert kunnskapsgrunnlag bestilt av NVE, og dersom vilkåra knytt til avbøtande tiltak for villrein ikkje vert imøtekomme i konsesjonen».



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

Suldal kommune har tidlegare konsentrert si uttale om utbygging og opprusting av Austre grein som ligg i Suldal. Kommunen vil derfor konsentrere si uttale rundt tilleggsutgreiinga på Austre vassdrag (i hovudsak gjeld dette Holmavatn som pumpemagasin og påverknaden dette kan ha på villrein).

Villreintrekk over Holmavatn:

Tilleggsutgreiinga frå NaturRestaurering dokumenterer og konkluderer med at villreintrekket over Holmavatnet eksisterer og er viktigare enn det Norconsult la til grunn i konsekvensutgreiinga som følgjer Lyse sin konsesjonssøknad. Dette stemmer med det lokalkjende, ulike fagmiljø (villreinnemnd, Statsforvaltar, SVR mfl.) og kommunen har peika på i sine uttalar. Dette må no derfor ligge til grunn ved dei vidare vurderingane av tiltaket si påverknad på villrein.

Mogleg ny trekkveg over Holmevassåno:

Den omsøkte opprustninga legg opp til at vintertappinga i Holmevassåno fell bort. Tilleggsutgreiinga legg da vekt på at dette vil opne ein ny trekkveg vinterstid. Det er imidlertid ikkje dokumentert at dette har vore ei historisk viktig trekkroute vinterstid. Trekka som tidlegare er registrert er sommartrekk. Vinterbeite på søraustsida av Holmevassåno er dårleg. Sjølv om det vert fysisk mogleg vinterstid å trekke i eit landskap, er ikkje dette motivasjon i seg sjølv for eit villreintrekk. Suldal kommune si vurdering er derfor at tilleggsrapporten overvurderer den kompenserande effekten bortfall av vintertapping i Holmevassåno vil kunne ha.

Mogleg trekk over Tverråna:

Det er lite registrerte dyr i dette området vinterstid. At opphøyr av vintertapping av Tverråna vert vurdert som «forbetra» konsekvens for villrein vert derfor feil. Dette er ikkje eit vandringshinder i dag. Påverknaden må derfor etter Miljødirektoratet sin rettleiar settast til «ubetydelig endring».

Isen på Holmavatn:

Korleis isforhalda på Holmavatn vil bli i åra som kjem vil ha påverknad både på villrein og menneske. Både SINTEF sitt prosjektnotat og tilleggsutgreiinga legg til grunn at det i dag er farbar og sikker is gjennom vinteren.

SINTEF sitt prosjektnotat vurderer at det er stor usikkerheit rundt kva som vil skje med isen ved etablering av pumpekraftverk. Suldal kommune si vurdering er at det per i dag ikkje er nok kunnskap til å komme med ein sikker konklusjon. Førre var prinsippet bør da fylgjast.

Ferdsl i området:

Dersom isen på Holmavatn vert meir usikker må skiløypa over vatnet leggst på land. På regulerte magasin, der det er fare for usikker is, vert gjerne kvista skiløyper lagt på land uansett, for å sleppe å gjere vurderingar gjennom heile vinteren. I periodar med usikker is må da villreinen nytte dei same områda som ferdsle på kvista skiløype.

Konkurransen om areala på land mellom villrein og skiløparar vil vere ein direkte konsekvens av Lyse sin søknad slik den ligg føre. Suldal kommune si vurdering er då at dette skal inn i konsekvensutgreiinga. Tilleggsrapporten frå NaturRestaurering

omtaler problemstillinga, men har ikkje tatt den med i KU. Suldal kommune meiner at rapporten undervurderer den negative effekten dette vil ha for villrein.

Avbøtande tiltak:

Avbøtande tiltak vert omtalt i kapittel 6.1.7. (*Avbøtende tiltak østre vassdrag i RSK s. 57-61*) og kommunen har følgjande merknader:

Reglement for pumping og tapping:

Eit fleksibelt prøvereglement, med avgrensingar i sjølve isleggingsperioden, er tiltaket som er føreslått. Suldal kommune er her uroa for mange år med prøving og feiling. Isleggingsperioden er heller ikkje definert. Kommunen har tidlegare uttalt at restriksjonar på pumping vinterstid kan vere eit godt avbøtande tiltak. Dette reglementet må imidlertid gjelde restriksjonar heile isleggingsperioden frå desember og vinteren fram til og med mars. Slik det er omtalt i tilleggssrapporten no er tiltaka for vagt beskrive.

Overvåking av isen og oppsett av ledegjerder ved sprekkdanningar er kanskje noko som fungerer i tamreinnæringa. Her er det imidlertid eit mål å minske trafikken og påverknaden i områda. Suldal kommune meiner det er feil å tillate inngrep i området som medfører auka ferdsel/tilsyn og at ein må etablere nye fysiske inngrep som avbøtande tiltak. Oppsett av ledegjerder rundt Holmavatn bør avskrивast som eit aktuelt avbøtande tiltak.

Skiløyper på land som konkurrerer om areal med villrein er omtalt over. Det avbøtande tiltaket er at «*gode løysingar for legging av løyper på land skal finnast gjennom samarbeid*». Terrenget rundt Holmavatn gir ikkje store rom for omlegging. Uansett kven som samarbeider blir arealet skiløparar og villrein skal dele det same. Det er å skyve på problema å seie at dette skal løysast gjennom dialog seinare. Dialog er i seg sjølv ikkje eit avbøtande tiltak dersom dei gode løysingane ikkje finnast.

Konsekvenssetting og konklusjon:

Slik Suldal kommune les konsekvensutgreiinga i tilleggssrapporten er det ikkje utbyggingssøknaden frå Lyse som vert konsekvensvurdert, men effekten av eit avbøtande tiltak (reglement for pumping). Det er konsekvensen av sjølve utbygginga som skal vurderast i høve påverknad, ikkje konsekvensen etter eventuelle avbøtande tiltak. Tilleggssrapporten har teke inn grad av påverknad etter eventuelle avbøtande tiltak. Dette er feil i følge KU metodikken.

Påverknaden av effekten av opphøyr av vintertapping i Holmevassåna og Tverråna er sett til «forbetra». Som omtalt over er ikkje kommunen samd i at tilstanden kan settast til «forbetra». Det er ikkje sannsynleggjort at dette «*gjenoppretter eller skaper nye trekk/vandringsmuligheter mellom leveområder/biotoper*» slik Miljødirektoratet sin veileiar definerer forbetra. Påverknaden på begge tiltak må setjast til «ubetydeleg endring».

Tilleggsutgreiinga konkluderer med at avbøtande tiltak som sikrar farbar is, både for rein og skiløparar, vil føre til at konsekvensgraden av den samla søknaden kan endrast til ubetydeleg eller i beste fall positiv.

Suldal kommune si vurdering er at det einaste avbøtande tiltaket som sikrar farbar is ei eit strengt pumpereglement. NaturRestaurering sitt svar er «eit fleksibelt prøvereglement i isleggingsperioden». Dette blir for vagt, usikkert og lite konkret.

Suldal kommune sa i sin høyringsuttale til konsesjonssøknaden frå Lyse:
«Det må innførast vilkår i manøvreringsreglement for Holmavatnet som sikrar gode isforhold i perioden frå islegging (ca 1.desember) til utgangen av mars».

Suldal kommune står fast på denne uttalen og meiner tilleggsutgreiinga ikkje svarer konkret på korleis dette kan gjennomførast.

Samla belastning:

Suldal kommune har heile tida vore oppteken av den samla belastninga for villreinstammen i Ryfylkeheiane. Tilleggsrapporten har eit kapittel om samla belastning (s. 101-105). Her er samla belastning beskrive gjennom å sitere tidlegare rapportar. Vegar, vasskraft, hyttebygging og turisme utgjer i fylgje NaturRestaurering den samla belastninga på villrein. Suldal kommune er ikkje usamd i dette, men dette er ikkje ei vurdering av kva samla belastning Lyse sin søknad, saman med alle andre omsøkte tiltak, vil ha på villreinen i Setesdal Ryfylke.

Suldal kommune saknar det me og mange andre bad om i høyringsrunden. Ei vurdering av den samla belastninga av alle nye omsøkte tiltak i villreinområdet (inkludert pumpekraftverk, linjenett, auka anleggstrafikk og andre større planlagde/vedtekne utbyggingar). Suldal kommune ber derfor om at dette vert utarbeida før konsesjonssøknaden frå Lyse handsamast.

Med helsing

Dagfinn Svadberg Hatløy
Einingsleiar Bygdeutvikling

Torill Telstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statsforvaltaren i Rogaland Postboks 59 Sentrum 4001 Stavanger